

Ole Hjelmås
Hjelmåsen 45
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19224 - 21/4152

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
21.01.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 202/4 Hjelmås

Tiltak: ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 202/4
Tiltakshavar: Ole Hjelmås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.12.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Delar av arealet som vert søkt frådelt er uregulert. Arealet er sett av til pareringsføremål i kommunedelplan for Lindås (tidlegare kommuneplan for Lindås). I føresegnene punkt 2.2 står at areal sett av til samferdselsanlegg og infrastruktur skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til deling. Dersom ein ønskjer å oppretthalda søknaden utan å gå vegen om reguleringsplan må ein søkja om dispensasjon frå føresegnene på dette punktet. Slik dispensasjon skal vera grunngjeven og skal nabovarslast. Informasjon kring dette med dispensasjon finn ein mellom anna på heimesidene til kommunen: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/nabovarsel/>
2. Ein vil ikkje få løyve til å dele frå areal sett av til offentleg føremål kollektivhaldeplass.
3. Arealet som berre er sett av til parkering i kommunedelplanen er antakeleg ikkje vurdert opp mot avkøyrsla til fylkesvegen i samband med reguleringsplanen. Det må derfor søkjast om utvida bruk av avkøyrsla til fylkesvegen 5452 Leknesvegen. Informasjon om søknad om utvida bruk av avkøyrsla finn du mellom anna på heimesidene til kommunen: <https://www.alver.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/veg/avkoyring-fra-kommunal-veg/>

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.02.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Osterfjorden sokn v/ Alf Angelskår Totland 84 5993 OSTEREIDET

Mottakarar:

Ole Hjelmås Hjelmåsen 45 5915 HJELMÅS